

**Fra:** Tor Hegle  
**Sendt:** 6. mars 2014 11:15  
**Til:** svenn\_hauge@hotmail.com  
**Kopi:** Atle Dingen; Arne Helgesen; Ingrid Bjørge Pedersen; Siril Sylta  
**Emne:** Referat frå møte om kloakkutløysing for utbygging etter reguleringsplan Kløve Nord (Planid nr.1263-0107 2007).

Hei.

Her kjem referat frå møte den 04.03.14., om kloakkutløysing for byggefelt «Kløve Nord».

Frammøtte: Svenn og Rita Hauge, Atle Dingen, Arne Helgesen og Tor Hegle.

Om krav til Plan for utsleppsanlegg og tekniske krav til anlegg.

1. Det vart vist til epost frå Hegle av 13.02.14. Ingen av møtedeltakarane hadde merknad til denne.
2. Det er semje om at Planføresegna sitt krav til VA-plan for feltet, stettast ved at utbygger sender inn slik plan til godkjenning. VA-planen omfattar Vatn- og avlaup. VA-Planen sendast inn som ein byggesak, men skal òg godkjennast av driftsavdelinga.
3. Lindås kommune har som mål å samle flest muleg kloakkutslepp til eitt. Det er satt fram krav til utbygger om etablering / utviding av slamavskiljar for feltet. Denne er plassert utanfor planområdet. Som følgje av at utbygger etablerer / utvider slamavskiljar for feltet, vil bustadtomtene i byggefelt «Kløve Nord» sleppe tilknytingsavgift for avlaup.
4. Utbygger sin utsleppssøknad frå Lindås Rør og Sanitær datert 09.06.12., slik den ligg føre vert ikkje sett på som ein VA-plan i samsvar med krava i reguleringsplan Kløve Nord (Planid nr.1263-0107 2007) pkt.2.2.2/3. Utbygger/tiltakshavar melder tilbake til byggesaksavdelinga om dei vil ha behandla søknad frå 09.06.12. innan 01.05.14. Kjem det ikkje tilbakemelding innan denne dato er det semje om at søknaden returnerast ubehandla.
5. Dei tekniske detaljkrava til utføring av eit VA-anlegg som kommunen seinare skal overta, er festa i Kommunen sin VA-Norm. Denne Norma ligg på [www.VA-norm.no](http://www.VA-norm.no).
6. Utbygger tar kontakt med sin konsulent for å sende inn (ramme)plan til godkjenning. Rammeplanen må vise tilknytning til offentleg anlegg og korleis ein løysar dei tekniske krava i VA-Norma. Søknaden må vedleggast rett til bruk av annan manns eigedom.
7. Det vil vere eit føremon om utbygger kan kome til semje med tomtelaget om felles løysing for grøft og slamavskiljar.
8. AM-eininga har beden utbygger for framtida om å rette førespurnad om saka til rette instans – i staden for til ordførar.

Merknader til referatet må meldast tilbake omgåande.

Med helsing  
Tor Hegle

---

**Fra:** Tor Hegle  
**Sendt:** 13. februar 2014 14:31  
**Til:** 'svenn\_hauge@hotmail.com'  
**Kopi:** Hogne Haugsdal; Ordførar Lindås; Atle Dingen; Arne Eikefet  
**Emne:** VS: Om kloakkutløysing for utbygging etter reguleringsplan Kløve Nord (Planid nr.1263-0107 2007).

Hei Svern Hauge.

Eg viser til telefonsamtale med deg i går, 12.02.14. Telefon frå meg til deg vart ført som følgje av ein førespurnad til Ordførar vedkommande ein merknad frå deg om kommunen si behandling av søknad om avlaupshandtering tilknytt planlagt bustadområde på Kløve Nord.

#### Bakgrunn for søknad om utslepp.

Eg oppfatta telefonsamtalen slik at bakgrunnen for utsleppssøknaden frå Lindås Rør og Sanitær den 09.06.12, låg i å finne alternativ il høge utbyggingskostnader knytt til rekkefølgekrava i reguleringsføresegnene. Du ynskte å etablere ein rimelegare løysing ved å etablere eige mindre reinseanlegg (for heile byggefeltet Kløve nord) i staden for å knyte feltet til eit offentleg kloakkanlegg.

Etter føresegnene pkt.2.2.2/3., er det krav om ein rammeplan for VA.

Eg opplyste om at etablering av eit alternativ til planen tinga søknad om dispensasjon frå reguleringsplan/føresegnar, og at dette ikkje var stetta i søknaden frå Lindås Rør og sanitær. Vidare opplyste eg om at ein søknad om dispensasjon skulle vere grunna, - at økonomiske grunnar normalt ikkje vert sett på som tilstrekkeleg grunngjeving, - men at du var fri til å søkje.

#### Framdrift på offentleg VA-anlegg.

Eg opplyste òg at framdrifta og kostnadene på kommunens investeringar til ny VA framføring kunne henge saman med Lindås Tomteselskap si utvikling på Kløve bustadfelt.

Tomteselskapet opplyser på telefon i dag (13.02.14) at dei ikkje har hatt økonomi til å utvikle området sitt fult ut. Dei har prioritert slik dei at har vore i kontakt med bygdelaget korleis dei vidare kan utvikle feltet. Pr i dag veit ikkje tomteselskapet når oppstart av dei kommunale leidningane kjem i gang (forlenging av VVA til byggetrinn 2).

#### Vidare framdrift i saka.

Vi var samde om at kommunen skulle vente med å behandle søknaden om utslepp som du sendte inn via Lindås Rør og Sanitær den 09.06.12.

Vi var vidare samde om at kommunen sitt svarbrev av 20.03.2013 til Lindås Rør og Sanitær var tilstrekkeleg svar inntil vidare.

Vi var òg samde om at du, driftsavdelinga og eg skulle ha eit møte der vi saman så på kva løysingar som kan vere aktuelle.

Følgjande punkt kan mellom anna vere aktuelle i møtet:

1. Avgjer om søknad frå Lindås Rør og Sanitær den 09.06.12 skal leggest bort.
2. Kven har ansvar for å legge fram VA plan i samsvar med føresegnene pkt.2.2.2/3 og få denne godkjent?
3. Kven skal/kan forskottere offentleg VA-anlegg fram til byggefeltet Kløve nord?
4. Kva løysingar er naudsynte – og kor store investeringar må ein rekne med skal til?
5. Kan ikkje reguleringsplanen for Kløve Nord frå 2007 gjennomførast slik den ligg føre?

Eg er taknemleg for tilbakemeldingar på denne eposten om eg ikkje har forstått deg rett.

Eg tar kontakt med deg om møte så snart eg finn ledig tid saman med Driftseininga.

Kopi av denne eposten går til ordførar, rådmann, driftsavdelinga til orientering.



Med helsing  
Tor Hegle, Einingsleiar  
Areal- og miljøeininga, Lindås kommune.

Vurdør verknaden for miljøet før utskrift. Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet. E-post jobb: [postmottak@Lindas.kommune.no](mailto:postmottak@Lindas.kommune.no). Postadresse: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41. Tel. + 47 56375642. Mob.: + 47 95968182.